



Kystlandsbyen As
c/o Byggmester Markhus AS Kokstaddalen 6
5257 Kokstad

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/978 - 22/7630

Saksbehandlar:
Christopher Marius Straumøy
christopher.marius.straumoy@austrheim.kommune.no

Dato:
21.09.2022

Løyve til arealoverføring - gbnr 142/200 til 142/201

Administrativt vedtak. Saknr:

Vi syner til søknad motteke 15.09.2022

Vedtak

Det vert gjeve løyve til arealoverføring av om lag 200 m² frå gbnr. 142/200 til gbnr. 142/201. Grunngevinga er at søknad er i tråd med godkjent reguleringsplan for området og er fornuftig arealbruksmessig. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1


Saksutgreiing:

Det søkt om arealoverføring frå gbnr. 142/200 til på gbnr. 142/201 på Kaland. Tiltakshavar er grunneigar på begge tomtane.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla då dette ikkje er vurdert som nødvendig jf. pbl § 21-3 andre ledd.





Reguleringsplan for omsøkt område, Plan-id: 2014004.

Søkar skriv:

Det søkas om å arealoverføra areal frå 142/200 til 142/201 på ca 200 kvm.

Alle tomtane skal endras på for å kunne byggja to manns og fleiremanns bustadar, og søknad om å endra desse andre tomtane kjem inn seinare. Det vert lite igjen av 142/200, men etter dette vert som sagt retta opp når tomteinndelinga vert endra på alle desse tomtane.

Her er det reguleringsplan "Planendring reguleringsplan Breivik/Åråsvågen/Sætre marka med planid 1264_2014004" som gjeld.



omsøkt arealoverføring markert i kart.

Austrheim kommune vurderer at arealoverføringa er arealmessig fornuftig, søknad er i tråd med plan- og bygningslova, reguleringsplanen for området og anna lovverk. Søknad kan difor godkjennast som omsøkt. Saka vert med dette sendt over til vidare oppmålingsforretning.

Lykke til med vidare prosess i saka.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Alf Kvant

Mottakere:

Kystlandsbyen As

c/o Byggmester 5257
Markhus AS
Kokstaddalen 6

Kokstad